

BOKN KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: Onsdag 16. november 2016
Tid: kl. 17.00
Sted: Møterom 1. etasje, Boknatun

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf. 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen/kommunalsjef er invitert/innkalla til å orientere i sak 21/16.

Saksliste:

- 20/16 Godkjenning av protokoll frå møte 14.09.16
- 21/16 Orientering frå administrasjonen – kommunalsjef tenester
- 22/16 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2016
- 23/16 Val av nytt prosjekt – tinging av prosjektmandat
- 24/16 Møteplan for 2017
- 25/16 Referat – og orienteringssaker 16.11.16

Eventuelt

Aksdal, 09.11.16

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor Deloitte as (møte- og talerett)
Rådmann (invitert/kalla inn)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	16.11.16	20/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 14.09.16

Vedlegg: Protokoll frå møte 14.09.16

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 14.09.16 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av møteiar i etterkant av møtet og oversendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 14.09.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 09.11.16



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **14. september 2016** blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, allrommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 17.00 – kl. 19.10
MØTANDE MEDLEMMER:	Utvalsleiar Lars Øyvind Alvestad (Ap), Jørn Hansen (H) og May Jorunn Vatnaland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FORFALL:	Vatnaland gjekk kl. 18.25 under sak 12/16. Johannes Nilssen hadde ikkje høve til å møte.
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø, Deloitte AS Bergen
ANDRE SOM MØTTE:	Rådmann Jan Erik Nygaard, kommunalsjef Solrunn Alvestad, kommunalsjef Ingunn Toft og seksjonssjef teknisk Kåre Bua Ordfører Tormod Våga i sak 16 til kl.18.00
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Utvalet var samd i å handsame sakene 16 og 17 fyrst og deretter fylgje sakslista

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 11/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.05.16

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.05.16 blir godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.05.16 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 12/16 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – TEKNISK

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tek rådmannen si utgreiing om tekniske tenester til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Seksjonssjef Kåre Bua orienterte. Han karakteriserte arbeidsområde som bredt og interessant. I liten kommune har ein meir direkte kontakt med ulike instansar. Personellsituasjonen var slik at kommunen mangla byggesakshandsamar, men at det for tida blei løyst ved innleige. Rådmannen opplyste at sak om interkommunalt samarbeid med Karmøy kommune vil bli lagd fram i haust.

Då kommuneplanen tidlegare var forelda, førte dette med seg mange dispensasjonssaker og mykje meirarbeid. Ny plan er nå godkjent og planstrategidokumentet vil bli lagd ut til høyring. Når det gjeld drift av veg, vatn, avlaup var dette på minimumsbudsjett og mykje løyst ad hoc. Nytt vassverk var løyva som følgje av ROGFAST-prosjektet. Dagens brann-samarbeid med Tysvær vil gå over i eit stort interkommunalt selskap frå 01.10.17.

Fleirbrukshallen er snart ferdig. Det same gjeld turvegen Alvestad/Føresvik. Fleire plansaker er stoppa pga. innkomne motsegn. Når det gjeld reguleringsplan for Austre Bokn vil den nå gå til meklings. Det vil vere folkemøte 4. oktober. Utvalet takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16:

Bokn kontrollutval tek seksjonssjef Kåre Bua si utgreiing om tekniske tenester til orientering.

SAK 13/16 OPPFØLGING AV RAPPORT - FORVALTINGSREVISJON AV POST/ARKIVROUTINAR

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar tilbakemeldinga frå kommunalsjefen om oppfølging av Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Post-/arkivhandtering i Bokn kommune» til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Kommunalsjef Solrunn Alvestad gjorde greie for det som er gjort og dei vidare planane for arkivplan og opplæring. Utvalsekretær var usikker på om saka skulle gå som eige sak eller orienteringssak.

Utvalet var samd i at saka burde bli lagd fram for kommunestyret som eige sak og at innstillinga dermed vert endra. Rådmannen støtta dette. Utvalet hadde ingen andre merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyret tar tilbakemeldinga frå kommunalsjefen om oppfølging av Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Post-/arkivhandtering i Bokn kommune» til orientering.

SAK 14/16 OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLL – HAUGALAND KRAFT AS OG HAUGALAND NÆRINGS-PARK AS

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft AS og rådmannen om oppfølging av rapport frå selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS til orientering.

Melding om oppfølging vert sendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Rådmannen orienterte frå generalforsamlinga. Han opplyste vidare at det har vore etterlyst tilbakemelding om eigarstrategi, men at næringssjefen i Karmøy følgjer dette opp. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tar tilbakemeldingane frå Haugaland Kraft AS og rådmannen om oppfølging av rapport frå selskapskontrollen i Haugaland Kraft AS og Haugaland Næringspark AS til orientering.

SAK 15/16 REVISOR SI EIGENERKLÆRING 2016

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Utvalsleiar gjorde merksam på at dette var ein årleg sak. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16:

Bokn kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa for 2016 frå oppdragsansvarleg revisor Else Holst-Larsen, Deloitte AS til orientering.

SAK 16/16 PLAN FOR FORVALTNINGREVISJON 2016-2020

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval slutter seg til utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 basert på vedlagt overordna analyse med desse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidare sendast til kommunestyret for sluttbehandling.

Bokn kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø gjekk gjennom dei forvaltningsrevisjonsprosjekta som var kategorisert med høg eller middels risiko, basert på dokumentanalyse, statistikk, intervju med rådmann og spørjeundersøking med svar frå åtte leiarar og seks politikarar. Ingen tillitsvalte eller hovudverneombod hadde svart. Det var merka seks prosjekt med rødt og ti med gult i analysen.

Utvalsmedlemmene valde så ut tre prosjekt kvar som «sine» prosjekt. Med bakgrunn i desse sette utvalet opp si prioriteringsliste etter ei drøfting om korleis desse skulle rangerast. For å vise dei prosjekta utvalet hadde plukka ut, var utvalet samd i at dei skulle vere med i vedtaket som uprioriterte prosjekt.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16:

Bokn kontrollutval slutter seg til utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 basert på vedlagt overordna analyse med desse følgjande prioriteringane:

Forvaltningsrevisjon av:

1. plan, byggesak og eigedom
2. rusomsorg
3. skulemiljø og mobbing
4. vedlikehald
5. informasjonstryggleik

og følgjande uprioriterte prosjekt:

- vedtaksoppfølging
- habilitet
- sakshandsaming i NAV
- prosjektstyring
- kultur- og aktivitetstilbod
- sjukefråver innan skule og barnehage
- skulemiljø og mobbing
- ressursbruk innan helse- og omsorgssektoren
- utvikling- og kvalitetsarbeid innan helse- og omsorgssektoren
- tilpassa opplæring og spesialundervisning.
- internkontroll

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresendast til kommunestyret for sluttbehandling.

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre med følgjande prioriteringar:

Forvaltningsrevisjon av:

1. plan, byggesak og eigedom
2. rusomsorg
3. skulemiljø og mobbing
4. vedlikehald
5. informasjonstryggleik

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

SAK 17/16 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2020

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval sluttar seg til utkast til Plan for selskapskontroll 2016-2020, basert på vedlagt overordna analyse med desse endringane/tillegg og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresendast til kommunestyret for sluttbehandling.

Bokn kommunestyre vedtar Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre. Retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Forvaltningsrevisor Gunnar Husabø gjorde greie for selskapa og framlegg til kontrollar. Utvalet slutta seg til framlegget. Utvalet var tydeleg på at når det gjaldt kontroll av eit selskap ville utvalet berre vere med etter invitasjon frå dei andre eigarkommunane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16:

Bokn kontrollutval sluttar seg til utkast til Plan for selskapskontroll 2016-2020, basert på vedlagt overordna analyse med følgjande prioriteringar:

1. Eigarskapsforvaltninga
2. Karmsund Havn IKS
3. Haugaland Interkommunale Miljøvern IKS
4. Haugaland Vekst IKS
5. Krisesenter Vest IKS

Sekretariatet sørgjer for at oppdatert plan med endringar og prioriteringar er den planen som vidaresendast til kommunestyret for sluttbehandling.

og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre vedtar Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre med følgjande prioriteringar:

1. Eigarskapsforvaltninga
2. Karmsund Havn IKS
3. Haugaland Interkommunale Miljøvern IKS
4. Haugaland Vekst IKS
5. Krisesenter Vest IKS

Retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov.

SAK 18/16 BUDSJETT 2017 – KONTROLL OG TILSYN - UTVALET SITT FRAMLEGG

Sekretariatet si innstilling:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2017 vert på i alt **kr 330.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	53.000
Kjøp av sekretærtjenester (HKS IKS)	kr	109.000
Kjøp av revisjonstjenester (Deloitte AS)	kr	168.000

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Utvalssekretæren gjorde greie for oppsettet. Utgiftene til revisjonen var redusert med bakgrunn i anbod. Jørn Hansen gjorde framlegg om å auka budsjettet med kr 12.000 for denne posten, for å ha eit litt større handlingsrom til kjøp av forvaltningsrevisjon. Leiar støtta nestleiar sitt framlegg om å auke budsjettet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16 og innstilling til kommunestyret:

Samla budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Bokn kommune for 2017 vert på i alt **kr 342.000,- eks mva** fordelt på følgjande:

Kontrollutvalet	kr	53.000
Kjøp av sekretærtjenester (HKS IKS)	kr	109.000
Kjøp av revisjonstjenester (Deloitte AS)	kr	180.000

SAK 19/16 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 14.09.16

31. Statusrapport pr. august 2016
32. Budsjettkontroll 2. kvartal 2016 – sak 60/16 til formannskap 30.08.16
33. Protokoll - generalforsamling 06.06.16 – Haugaland Kraft AS
34. Protokoll - hamnerådsmøte 09.06.16 – Karmsund Havn IKS
35. Protokoll - 30.06.16 via e-post – Karmsund Havn IKS – sak 5/16 om godtgjersle
36. KS Bedrift – unntaksvis bruk av telefonmøte i interkommunale selskap
37. Brev av 12.09.16 om feil i generalforsamlingsprotokollen til Haugaland Kraft AS

Handsaming i kontrollutvalet 14.09.16:

Sekretær gjorde greie referatsak 31. Rådmannen gjorde greie for budsjettsituasjon pr. i dag. Han meinte dei låg greitt ann til no og truleg gå i balanse ved årets slutt. Omtakstering av Kårstø-anlegget vil gje ei netto meirinntekt på 2 mill. kr., og kompensere neste år for reduksjon som følgje av endra inntektssystem. Kommunalsjefen supplerte innan sine rammeområde frå sist månadleg rapportering. Utvalet hadde spørsmål til avtalen om Bokn Bufellesskap, som det blei svara på.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 14.09.16:

Referatsakene 31 - 37 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **16. november** kl. 17.00.

Bokn, 14. september 2016

Lars Øyvind Alvestad
Utvalsleiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	16.01.16	21/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJON – KOMMUNALSJEF TENESTER

Bakgrunn:

Kontrollutvalet vedtok i møtet 10.02.16, sak 3/16 å sette opp ein plan for orientering om resultatalaområda og stabsfunksjonane i kommunen i møta framover. Vedtaket var følgjande:

Bokn kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 25.05.16 kommunalsjefforvaltning Solrunn Alvestad

Møtet 07.09.16 tekniske tenester

Møtet 16.11.16 kommunalsjef tenester Ingunn Toft

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for. Planen blei oversendt rådmannen 25.02.16. Det gjekk fram i brevet at tidspunkta kunne endrast/byttast for dei inviterte. Det er rådmannen som avgjer om han møter sjølv eller om andre møter som representant for rådmannen.

Sekretariatet ser gjerne at det vert orientert om sterke og svake sider ved kommunen og kva utfordringar Bokn kommune står ovanfor, og kanskje seie litt om følgjande punkter:

Generelt om (støtte- og) resultateiningen

- plassering i organisasjon
- tjenestetilbod
- personale: tal på tilsette, kompetanse, sjukefråver
- økonomi
- samarbeid med dei folkevalde

Tanker om framtida

- tenestebehov/tilbod – utfordringar/endringar
- kompetansebehov
- evaleuering/utvikling

Kontroll og tilsyn


- tidlegare forvaltningsrevisjonar. I så fall, kva har disse ført til?

Utvalet kan kome med innspel på emne og spørsmål, men helst så snart som mogleg slik at dei som møter kan førebu seg. Det vert lagd opp til at utvalet bestemmer ei tidsramme.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval tek kommunalsjef tenester Ingunn Toft si utgreiing om sitt arbeidsansvarsområde til orientering.

Aksdal, 09.11.16



Toril Hallsjø
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	16.11.16	22/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

Kan bli behandla i lukka møte – OFL § 24/KL §31 nr 5

REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2016

Vedlegg: Revisjonsplan rekneskapsrevisjon - Bokn kommune 2016 frå Deloitte AS

Bakgrunn

Ifølge kommuneloven § 77, 4. ledd skal kontrollutvalet ”*påse at kommunens ... regnskaper blir revidert på betryggende måte*”. Tilsynet blir gjennomført bl.a. ved at revisjonen rapporterer til kontrollutvalet på dei ulike trinna i revisjonsprosessen. Rapporteringa skal dekke både planlegging, gjennomføring og oppsummering av arbeidet.

I følge forskrift om revisjon § 4 og god kommunal revisjonsskikk skal revisor årleg utarbeide ein plan for revisjon av rekneskapet. Dette er eit internt dokument som styrer det arbeidet revisor må utføre for å kunne godkjenne rekneskapet. Deloitte AS har utarbeida ein slik plan for Bokn kommune, som følgjer som vedlegg.

Vedlegget er eit internt arbeidsdokument, men ifølge revisor finn ho ikkje grunn til at dette skal skånast, dvs ikkje kan vera offentleg.


Revisor vil i tillegg gje ein muntleg orientering til utvalet. Desse opplysningane som kjem fram i møtet kan bli vurdert som ikkje offentlege og møtet kan difor bli lukka, jfr. i medhold av Offentleglova § 24/ kommuneloven § 31 nr 5, men dette skal også vurderast opp mot omsyn til meir-offentlegheit, før eventuelt lukking.

Vi gjer merksam på at rekneskapsåret ikkje følgjer kalenderåret. Rekneskapsåret vert ikkje avslutta før etter at rekneskapen for 2015 er avlagt våren 2016. Hovudarbeidet i det enkelte rekneskapsåret starter difor ikkje før etter sommarferien.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2016 for rekneskapsrevisjon og presentasjon frå revisor til orientering.

Aksdal, 09.11.16



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær

Revisjonsplan Bokn kommune 2016

Haugaland

Kontrollutvalgssekretariat IKS

Mottatt dato: 26.08.16

Journalført: 16/290/414

Arkivkode: 216

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Planlegging og rapportering	Revisjonen har oppstartsmøte med økonomisjef og rådmann tidlig på høsten for å gå kort gjennom overordna planlegging, revisjonsprosessen og for informasjonsutveksling om eventuelle endringer. Revisor skal i etterkant av interimrevisjonen informere kontrollutvalget i revisjonsrapport samt presentere i møte om eventuelle vesentlige funn.	Deloitte	Okt Nov-jan, avh av tidspkt for interimrev og for KU-møte
Rutiner	Vi vil gjennomføre risikovurderingshandlinger for å kartlegge og teste vesentlige rutiner i kommunen: • Kostnader/innkjøp • Lønn • Inntekter (SFO, egenbetaling institusjon, egenbetaling omsorgstjenester, gebyrer byggesaker) • Bankavstemming • Regnskapssystem • NAV - kommune Fokus her vil være på etablert intern kontroll, og vurdere hvorvidt den interne kontrollen er tilstrekkelig og hensiktsmessig til å forhindre feil i regnskapsrapporteringen.	Deloitte - interimrevisjon	Okt/nov.
Kostnader	Detaljkontroll av kostnader Analytisk revisjon av lønnskostnader	Deloitte - interimrevisjon	Gjennom året/ okt
Investeringer/finans	Påse at kommunen har vedtatt et finansforvaltningsreglement. Påse at finansforvaltningsreglementet følges.	Deloitte - interimrevisjon	Okt/nov. Tertialvis Feb.-april
Mva.kompensasjon	Revisor skal foreta kontroll av hver termin for mva-kompensasjon før denne sendes inn og signeres. Økonomisjef skal derfor sende nødvendig dokumentasjon (tall i omsetningsoppgave og oversikt over alle transaksjoner for den aktuelle termin) til revisor senest fem dager før frist for signering. Frist for innsendelse er innen 1 måned og 10 dager etter utløpet av hver termin, jfr Lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner mv. § 7. For 3. termin er fristen 31. august. Økonomisjef er ansvarlig for innsendelse og for å gi beskjed til Deloitte når oppgaven er klar til signering.	Økonomisjef og Deloitte Økonomisjef og Deloitte	Løpende

Revisjonsplan Bokn kommune 2016

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Offisielt regnskap	Ved mottak av endelig regnskap for 2016, vil vi påse følgende: • Regnskapsmaterieil mottas innen 15.02.17 (skal rapporteres kontrollutvalg) • Regnskapsoversikter henger sammen • Nødvendige noteopplysninger er utarbeidet • Avslutning av regnskapene er iht. forskrift • Avstemming av kretsløp er foretatt (Egenkapital, arbeidskapital og anleggsmidler/langsiktig gjeld) • Budsjettall stemmer med vedtatt budsjett • Korrekte tall medtatt i årsmeldingen • KOSTRA-rapportering korrekt foretatt Vi vil også foreta en analyse av regnskapstall mot budsjett og fjorårstall.	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Bank	• Bankavstemming	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Investeringer og utlån	• Verdssettelse og klassifisering av verdipapirer • Avkastning på verdipapirer • Utlån husbankmidler mm	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Fordringer	• Kundereskontro mot regnskap • Tap på krav (inkl. innbetalingskontroll) • Kreditsaldoer • Periodisering inntekter	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Forskuddsbetalte utgifter	• Avsetninger	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Driftsmidler	• Anleggsregister mot regnskap • Aktivering • Salg • Avskrivninger iht. regelverk • Gjennomgang prosjektrengskap	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april

Revisjonsplan Bokn kommune 2016

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Påløpte utgifter	- Vurdere om kommunen har tilfredsstillende rutine for å identifisere avsetning for påløpte utgifter - Vurdere avsetningene som er gjort	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Leverandørgjeld	- Leverandørreskontro mot regnskap - Debetposter - Utbetalingskontroll - Saldoforespørsler	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Langsiktig gjeld	- Lån iht. låneavtale/bekreftelse fra långiver - Låneopptak er i samsvar med kommuneloven - Memoriakontoer (samsvar mellom opptak av lån, bruk av lån og bevegelse på konto for ubrukte lånemidler) - Rentekostnader - Avdrag iht. vektingsregel - Oversikt over garantier	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Egenkapital/fond	- Evt. bevegelser kontrolleres mot avsetninger og bruk i driftsregnskap og investeringsregnskap - Kapitalkonto	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Inntekter	- Analyse av inntekter - Skatteinntekter - Rammetilskudd	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Utgifter	- Analyse av utgifter - Periodisering iht. anordningsprinsippet - Selvkostregnskap	Deloitte - årsoppgjør	Feb. -april
Lønn	- Analyse av lønnskostnader - Kontrolloppstilling over innberettet beløp - Feriepenger - Pensjon - Skattetrekk - Arbeidsgiveravgift - Sykepengerefusjoner	Deloitte - årsoppgjør	Oktober Feb. -april

Revisjonsplan Bokn kommune 2016

Område	Angrepsmåte	Ansvarlig	Tidspunkt
Attestasjoner	Div. attestasjoner	Deloitte	Løpende
Revisjonsberetning	Revisor skal avgi revisjonsberetning senest 15. april, jfr Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 5.	Deloitte	Senest 15. april

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.11.16	23/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV NYTT PROSJEKT - TINGING AV PROSJEKTMANDAT

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen *årleg* bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Sekretariatet har, i samråd med utvalsleiar, komme til at utvalet bør i dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt dei ønskjer å gå for i 2017, og å tinge prosjektmandat om frå revisor, slik at ulike problemstillingar kan drøftast på det neste møtet på nyåret.

Saksorientering:

Nytt prosjekt for forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll tingast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon eller Plan for selskapskontroll. Nye planar for perioden 2016-2020 vil bli vedteken av kommunestyret i møtet 15.11.16, sak 58/16 og 57/16.

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta som kontrollutvalet har sett opp i plan for forvaltningsrevisjon, og som truleg blir vedteken av kommunestyret:

1. *Plan, byggesak og eigedom*
2. *Rusomsorg*
3. *Skulemiljø og mobbing*
4. *Vedlikehald*
5. *Informasjonstryggleik*

Dei uprioriterte prosjekta (11 stk) er ikkje teke med her, men teken med i protokoll 04.09.16.

Følgjande prosjekt er dei prioriterte prosjekta i plan for selskapskontroll:

1. *Eigarskapsforvaltinga*
2. *Karmsund Havn IKS*
3. *Haugaland Interkommunale Miljøvern IKS*
4. *Haugaland Vekst IKS*
5. *Krisesenter Vest IKS*

Det vil vere opp til utvalet å velje kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no, men det vil vere naturleg å velje det prosjekt som utvalet og kommunestyret har rangert øvst.

Utvalet er delegert mynde til å fråvika planen dersom det vert naudsynt. Kva som er vesentleg kan endre seg noko frå planane vart laga, men er lite aktuelt no rett etter at utvalet har gjort si prioritering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval ber Deloitte AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "....." til neste møte på nyåret 2017.

Aksdal, 09.11.16

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	16.11.16	24/16
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

MØTEPLAN FOR 2017 - KONTROLLUTVALET

Vedlegg: Oversiktskalender for 2017

Bakgrunn:

Med utgangspunkt i tidligere møtefrekvens (4 møte pr. år) er det sett opp framlegg til møteplan for kontrollutvalet for 2017. Framlegget er satt opp med utgangspunkt i siste års praksis med møtedag på onsdag. Tidspunkt er sett etter ønske frå administrasjon og sekretariat. Kontrollutvala sine møte er opne for presse og publikum, og datoane skal gjerast kjent for innbyggjarane på kommunen sine nettsider. Det er difor viktig at møteplanen vert halden når den er vedteken.

Saksorientering:

Første møte i kontrollutvalet på nyåret vil utvalet si årsmelding bli sett på sakslista. I neste møte handsamar kontrollutvalet kommunen sin rekneskap. Etter forskriftene kan ikkje formannskapet gjera vedtak før kontrollutvalet sitt vedtak ligg føre, dvs. at innstillinga skal følgje saka. Dato for dette møtet må difor vere i etterkant av kontrollutvalet sitt møte.

I Bokn har det vore praksis for at rekneskapet vert lagt fram i kommunestyremøtet i juni og det vil seie at økonomisjef og revisor har nok tid til å følgje dei fastsette fristane i lova (15. februar og 15. april). I september blir mellom anna budsjettet for kontrollutvalet handsama og i november møteplanen.

Dersom det blir endringar vil det i så fall bli gjeve melding om dette så snart dette er kjent. Vidare er det også mogeleg å ha ekstra møte dersom det skulle vere naudsynt.


SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2017:

onsdag 15.02, 31.05, 06.09, 15.11 kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Aksdal, 09.11.16


Toril Hallsjø
Utvalssekretær

Oversiktskalender 2017

Januar 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
52							1
1	2	3	4	5	6	7	8
2	9	10	11	12	13	14	15
3	16	17	18	19	20	21	22
4	23	24	25	26	27	28	29
5	30	31					

5 ● 12 ○ 19 ● 28 ●

Februar 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
5			1	2	3	4	5
6	6	7	8	9	10	11	12
7	13	14	15	16	17	18	19
8	20	21	22	23	24	25	26
9	27	28					

4 ● 11 ○ 18 ● 26 ●

Mars 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
9			1	2	3	4	5
10	6	7	8	9	10	11	12
11	13	14	15	16	17	18	19
12	20	21	22	23	24	25	26
13	27	28	29	30	31		

5 ● 12 ○ 20 ● 28 ●

April 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
13						1	2
14	3	4	5	6	7	8	9
15	10	11	12	13	14	15	16
16	17	18	19	20	21	22	23
17	24	25	26	27	28	29	30

3 ● 11 ○ 19 ● 26 ●

Mai 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
18	1	2	3	4	5	6	7
19	8	9	10	11	12	13	14
20	15	16	17	18	19	20	21
21	22	23	24	25	26	27	28
22	29	30	31				

3 ● 10 ○ 19 ● 25 ●

Juni 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
22			1	2	3	4	5
23	6	7	8	9	10	11	12
24	13	14	15	16	17	18	19
25	20	21	22	23	24	25	26
26	27	28	29	30			

1 ● 9 ○ 17 ● 24 ●

Juli 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
26						1	2
27	3	4	5	6	7	8	9
28	10	11	12	13	14	15	16
29	17	18	19	20	21	22	23
30	24	25	26	27	28	29	30
31	31						

1 ● 9 ○ 16 ● 23 ● 30 ●

August 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
31	1	2	3	4	5	6	7
32	8	9	10	11	12	13	14
33	15	16	17	18	19	20	21
34	22	23	24	25	26	27	28
35	29	30	31				

7 ○ 15 ● 21 ● 29 ○

September 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
35						1	2
36	3	4	5	6	7	8	9
37	10	11	12	13	14	15	16
38	17	18	19	20	21	22	23
39	24	25	26	27	28	29	30

6 ○ 13 ● 20 ● 28 ●

Oktober 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
39							1
40	2	3	4	5	6	7	8
41	9	10	11	12	13	14	15
42	16	17	18	19	20	21	22
43	23	24	25	26	27	28	29
44	30	31					

5 ○ 12 ● 19 ● 28 ●

November 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
44			1	2	3	4	5
45	6	7	8	9	10	11	12
46	13	14	15	16	17	18	19
47	20	21	22	23	24	25	26
48	27	28	29	30			

4 ○ 10 ● 18 ● 26 ●

Desember 2017

Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø	Sø
48						1	2
49	3	4	5	6	7	8	9
50	10	11	12	13	14	15	16
51	17	18	19	20	21	22	23
52	24	25	26	27	28	29	30

3 ○ 10 ● 18 ● 26 ●

- 1. jan Nyttårsdag
- 21. jan Prinsesse Ingrid Alexandra, 13 år
- 6. feb Samefolkets dag
- 12. feb Morsdag
- 14. feb St. Valentines dag
- 21. feb Kong Harald, 80 år
- 26. feb Fastelavn
- 20. mar Vårjevndøgn
- 21. mar Offisielt vårjevndøgn
- 26. mar Sommertid start
- 9. apr Palmesøndag
- 13. apr Skjærtorsdag
- 14. apr Langfredag

- 16. apr 1. påskedag
- 17. apr 2. påskedag
- 1. mai Off. høgtidsdag
- 8. mai Frigjøringsdag 1945
- 17. mai Grunnlovsdag 1814
- 25. mai Kr. Himmelfartsdag
- 4. jun 1. pinsedag
- 5. jun 2. pinsedag
- 7. jun Unionsoppløsning 1905
- 21. jun Sommersolverv
- 23. jun Jonsokaften
- 4. jul Dronning Sonja, 80 år
- 20. jul Kronprins Haakon, 44 år
- 29. jul Olsokdagen

- 19. aug Kronprinsesse Mette-Marit, 44 år
- 22. sep Høstjevndøgn
- 29. okt Sommertid slutt
- 31. okt Halloween
- 5. nov Allehelgensdag
- 12. nov Farsdag
- 3. des 1. søndag i advent
- 13. des Luciadagen
- 21. des Vintersolverv
- 25. des 1. juledag
- 26. des 2. juledag

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	16.11.16	25/16

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 16.11.16**Vedlegg:**

37. Statusrapport pr. november 2016
38. Samarbeidsavtale om tjenester mlm Bokn og Karmøy, iverksett frå 01.01.17.
39. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 57/16 – Plan for selskapskontroll 2016- 2020
40. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 58/16 – Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020
41. Kommunestyrevedtak 15.11.16, sak 59/16 - Oppfølging av rapport – post/arkivrutiner
42. Invitasjon – Høstkonferansen 2016 – Forum for kontroll og tilsyn – Sandnes 17.11.16
43. Innkalling- repr.skapsmøte 01.12.16 – HIM IKS
44. Kommunal Rapport 29.09.16 – om revisjonsutgifter
45. KOSTRA-tall vedr. funksjon 110 – Kontroll og revisjon – 10 kommunar på Haugalandet
46. Forum for Kontroll og tilsyn (FKT) – høringsuttalelse til NOU: 4 Ny kommunelov

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, meldingar og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Referatsaker 37 - 46 blir tatt til orientering.

Aksdal, 09.11.16

Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



37

Kontrollutvalet i Bokn

Statusoversikt november 2016

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Nytt prosjekt	På nyåret			Hausten 2017	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Selskapskontroll					
Andre saker					
	-				

Avslutta prosjekter pr. november

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
«Post/arkivhandtering i Bokn kommune»	03.09.15, sak 16/15	10.02.16, sak 2/16	08.03.16, sak 5/16	15.11.16, Sak 59/16	
« Tilpassing til Samhandlingsreforma»	04.09.14, sak 8/14	26.02.15, sak 3/15	17.03.15, sak 4/15	6 måneder etter vedtak	Ikkje mottatt
Selskapskontroll					
Haugaland Kraft AS og Hgl Næringspark AS	04.09.14, Sak 5/14	28.05.15, sak 9/15	16.06.15, sak 27/15	08.11.16 , sak	
Andre saker					
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020	26.11.15, sak 25/11	14.09.16, sak 16/16	15.11.16, sak 58/16	-	Deloitte
Plan for selskapskontroll 2016-20	26.11.15, sak 25/11	14.09.16, sak 17/16	15.11.16, sak 57/16	-	Deloitte



Bokn kommune



KARMØY
KOMMUNE

SAMARBEIDSAVTALE OM TJENESTER MELLOM KOMMUNENE BOKN OG KARMØY

08.06.2016

BOKN KOMMUNE		
Notis	16/353-1	Jnr 2152
Saksansv.	JEN	JEN
Arkivkode	026	15/16-16

Innhold

1. PARTENE I AVTALEN.....	3
2. BAKGRUNN FOR SAMARBEIDSAVTALEN	3
3. MÅL FOR SAMARBEIDSAVTALEN	3
4. SAMARBEIDSAVTALE FOR BOKN OG KARMØY	4

T.V. gni.

1. PARTENE I AVTALEN

Partene i denne avtalen er Bokn kommune og Karmøy kommune.

2. BAKGRUNN FOR SAMARBEIDSAVTALEN

Bokn og Karmøy har gjennom mange år har hatt et tett og godt samarbeid. I dag er samarbeidet først og fremst knyttet til barnevern og PP-tjenesten. Kommunene og innbyggerne i de 2 kommunene har tradisjonelt stått hverandre nært i så vel politiske som i kulturelle spørsmål.

Begge kommunene mener kommunestruktur er noe den enkelte kommune selv må ta stilling til og samtidig vise respekt for den beslutningen det enkelte kommunestyre tar.

Fokus rundt ny kommunestruktur og nytt inntektssystem har gjort det naturlig for Bokn å se på et tettere samarbeid med Karmøy som et alternativ til en kommunesammenslutning - for om mulig å kunne få bedre tjenester til innbyggerne - levert til en rimeligere pris enn det kommunen selv kan levere.

Samarbeidsavtalen skal ikke på noen områder medføre at innbyggerne i Karmøy kommune skal få dårligere eller dyrere tjenester.

Karmøy kommune kan til en viss grad oppnå økte stordriftsfordeler gjennom denne avtalen.

3. MÅL FOR SAMARBEIDSAVTALEN

Bokn og Karmøy vil sikre de tjenesteavtaler kommunene har i dag i tillegg til å lage en forpliktende plan for videre samarbeid.

Kommunene vil utvikle gode politiske og administrative samarbeidsarenaer for behandling av saker av politisk karakter eller som gjelder den kommunale tjenesteytingen.

Kommunene vil iverksette de samarbeidsordningene som er nevnt i avtalen og som det ellers kan være naturlig å samarbeide om.

Samarbeidet skal bygge på likeverd, tillit og respekt

4. SAMARBEIDSAVTALE FOR BOKN OG KARMØY

4.1. Dagens samarbeid

- 4.1.1. Barnevern
- 4.1.2. PP-tjenesten

4.2. Aktuelle nye samarbeidsområder fra 1. januar 2017

- 4.2.1. Plan, miljø, GEO data og byggesak-kontor
- 4.2.2. Landbrukskontor
- 4.2.3. Teknisk drift/bygg/avløp, herunder beredskap
- 4.2.4. Samfunnssikkerhet og beredskap

4.3. Andre samarbeidsområder som kan vurderes


- 4.3.1. Næringstjeneste
- 4.3.2. SLT /folkehelsekoordinator
- 4.3.3. Spesialiserte helse og omsorgsfunksjoner
- 4.3.4. Legevakt
- 4.3.5. Ø-hjelps senger
- 4.3.6. Skolekontor
- 4.3.7. Barnehageadministrasjon
- 4.3.8. Flyktningetjeneste
- 4.3.9. Administrativ og faglig ledelse innen helsetjenestene
- 4.3.10. NAV kontor
- 4.3.11. IKT drift og strategi
- 4.3.12. Regnskapskontor og kemnerfunksjon
- 4.3.13. Andre aktuelle oppgaver som kommunene kan få ansvar for.

4.4. Samarbeidsorgan

- 4.4.1. Det opprettes et politisk samarbeidsorgan bestående av ordfører og varaordfører i hver av kommunene. Samarbeidsorganet kan i tillegg tiltres av rådmennene. Samarbeidsorganet kan ta opp saker som det vil være naturlig å ta opp til politisk vurdering/behandling.
- 4.4.2. Det opprettes et administrativt samarbeidsorgan som skal fungere som et sekretariat for samarbeidsordningen. Dette består av rådmennene i de 2 kommunene, 1 tillitsvalgt fra hver av kommunene. Bokn kommune dekker utgiftene til og stiller med nødvendig sekretærhjelp i den grad det er behov for det.

4.5. Innhold og kvalitet på tjenestene

- 4.5.1. Innhold og kvalitet på tjenestene skal tilfredsstille de lover og forskrifter som gjelder for de aktuelle tjenesteområdene.
- 4.5.2. Det skal tilstrebes at tjenesteområdene har et kostnadsfokus og at mulig effektivisering gjennomføres fortløpende.
- 4.5.3. Tjenesteområdene skal kontinuerlig utvikles i tråd med de krav og forventninger offentlige myndigheter og innbyggere har til tjenestene.



4.6. Forholdet til de ansatte

4.6.1. Samarbeidsavtalen skal ikke føre til at noen av de ansatte som er berørt av avtalen blir sagt opp. Ansatte skal heller ikke få reduksjon i lønn som følge av samarbeidsavtalen. Noen ansatte i Bokn kommune kan få nye oppgaver, nytt arbeidssted og ny arbeidsgiver. Dersom det ikke lar seg gjøre å finne løsninger for de ansatte, vil Bokn kommune ha arbeidsgiveransvaret for disse personene. Gode prosesser skal sikre at de ansatte i Bokn og Karmøy kommune blir hørt og kan bidra til omstillingen, med medvirkning fra de tillitsvalgte.

4.7. Økonomi

4.7.1. Budsjett og kostnadsfordeling mellom kommunene skal fremkomme av tjenesteavtalene.

4.7.2. Følgende prinsipper gjelder:

- Prising av tjenestene skal skje etter et selvkostprinsipp.

4.8. Iverksettning

4.8.1. Det igangsettes samtaler om aktuelle samarbeidsområder når Bokn kommune tar initiativ til det. Avtaler om nye samarbeidsområder, jmfør punkt 4.2., søkes iverksatt fra 1. januar 2017. Andre samarbeidsområdene som kan vurderes, utredes og iverksettes fortløpende etter behov innen 1. januar 2020.

4.9. Evaluering

4.9.1. Samarbeidsavtalen skal evalueres innen 1. juli 2019.

4.10. Oppsigelse

4.10.1. Samarbeidsavtalen gjelder fra 1. januar 2017 og har en varighet på 3 år. Samarbeidsavtalen mellom Bokn og Karmøys skal behandles av kommunestyrene i begge kommuner innen 1. oktober 2016. Avtalen løper deretter videre inntil den sies opp av en av partene. Oppsigelsestid er 12 måneder. Dersom begge parter er enige om det kan avtalen sies opp på et tidligere tidspunkt eller med en kortere oppsigelsestid.

Bokn/Karmøy

Jarle Nilsen

Ordfører Karmøy kommune

Tormod Våge

Ordfører Bokn kommune

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	15.11.2016	057/16	JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-026, K3- &58 Objekt:	Arkivsaknr 16/510
-----------------------------	--------------------------------------	----------------------

Plan for selskapskontroll 2016 - 2020.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	22.09.2016	IKS, Hallsjø, Toril Haugaland Kontrollutvalgssekretariat	Plan for selskapskontroll 2016-2020 - kommunestyresak

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

KONTROLLUTVALET SI INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Bokn kommunestyre vedtar Plan for selskapskontroll 2016 – 2020 slik den ligg føre med følgjande prioriteringar:

1. Eigarskapsforvaltinga
2. Karmsund Havn IKS
3. Haugaland Interkommunale Miljøvern IKS
4. Haugaland Vekst IKS
5. Krisesenter Vest IKS

Retningslinjer for selskapskontroll i Bokn kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006, med endring i pkt. 10 når det gjeld årleg innsending av firmaattest.

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endra planen i planperioden ved behov

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 15.11.2016	Saksnr 058/16	Sakshands. JEN

Saksansv.: Jan Erik Nygaard	Arkiv: K1-146, K3- &58 Objekt:	Arkivsaknr 16/511
-----------------------------	--------------------------------------	----------------------

Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	22.09.2016	IKSHallsjø, Toril Haugaland Kontrollutvalgssekretariat	Plan for forvaltningsrevisjon 2016- 2020 - kommunestyresak

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

KONTROLLUTVALET SI INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Bokn kommunestyre vedtak Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 slik den ligg føre med følgjande prioriteringar:

Forvaltningsrevisjon av:

1. plan, byggesak og eigedom
2. rusomsorg
3. skulemiljø og mobbing
4. vedlikehald
5. informasjonstryggleik

Kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å endre planen i planperioden ved behov.

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 15.11.2016	Saksnr 059/16	Sakshands. AOS

Saksansv.: Solrunn Alvestad	Arkiv: K1-216, K3- &58 Objekt:	Arkivsaknr 15/308
-----------------------------	--------------------------------------	----------------------

Oppfølging av rapport - forvaltningsrevisjon av post-/arkivrutinar.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
12	U	18.08.2016	Haugaland kontrollutvalgssekretariat v/Toril Hallsjø	Plan for arbeidet med post / arkivrutiner i Bokn kommune
13	I	22.09.2016	Kontrollutvalet v/Toril Hallsjø	Oppfølging av rapport - forvaltningsrevisjon av post- /arkivrutinar - kommunestyresak

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

KONTROLLUTVALET SI INNSTILLING TIL KOMMUNESTYRET:

Bokn kommunestyre tar tilbakemeldinga frå kommunalsjefen om oppfølging av Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport «Post-/arkivhandtering i Bokn kommune» til orientering.

FORUM FOR KONTROLLUTVALG I ROGALAND

Høstkonferansen 2016

Quality Hotel Residence, Sandnes

17. november 2016

42
Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS
Mottatt dato: 07.10.16
Journalført: 16/386/44a/1051
Arkivkode: 033

Forum for kontrollutvalg i Rogaland har som formål å være en arena for utveksling av erfaringer. Hva kan vi lære av hverandre? Det er satt av tid til kommentarer og meningsutveksling til innleggene i programmet.

PROGRAM

- | | |
|-------|--|
| 10:00 | Velkommen
<i>Einar Endresen – leder av arbeidsutvalget i Forum for kontrollutvalg i Rogaland</i> |
| 10:05 | Fylkesmannens tilsyn med kommunene
<i>Grete Flåten, tilsynskoordinator, Fylkesmannen i Rogaland</i> |
| 10:45 | Pause |
| 11:00 | Varslinger
<i>Fylkesrådmann Trond Nerdal, Rogaland fylkeskommune</i> |
| 11:45 | Årsmøte 2016 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland |
| 12:00 | Lunsj |
| 13:00 | Korrupsjon og økonomiske misligheter i kommunene
<i>Einar Endresen, leder av arbeidsutvalget i Forum for kontrollutvalg i Rogaland og politispesialist i økonomisk kriminalitet.</i> |
| 13:45 | Pause |
| 14:00 | Selskapskontroll
<i>Rune O. Eskeland, forvaltningsrevisor, Rogaland Revisjon IKS</i> |
| 14:45 | Avslutning |

Pris **kr 900.-** pr. person

Påmelding innen **4. november** ved å sende e-post til mette.jensen.moen@rogfk.no med navn, verv/funksjon, kommune/firma og mailadresse. Kontrollutvalgsmedlemmer som oppgir mailadresse vil få årsmøtesakene tilsendt via e-post før konferansen.

VELKOMMEN!

For forum for kontrollutvalg i Rogaland
Kontroll- og kvalitetsutvalgets sekretariat,
Rogaland fylkeskommune



Representantskapet

Skjold 31.10.16

**INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET
HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK
TORSDAG 1. DESEMBER 2016 KL 15.00-17.00**

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten **torsdag 01.12.16 kl 15.00-17.00 på Toraneset Miljøpark.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 46. Det bes om tilbakemelding innen 16.11. dersom det er saker til eventuelt.

Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Kari Christensen, Krovågen 19, 5561 Bokn
Bokn	Kjetil Vatnaland, 5561 Bokn
